



FYRESDAL KOMMUNE

PLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK

2022-2025

Innhold

Bakgrunn for planarbeidet.	3
Kommunalt trafikktryggleiksarbeid.	3
Trafikktryggleiksutval.	3
Formål.	4
Visjon og mål.	4
Visjon.	4
Hovudmålet.	4
Delmål.	4
Tilhøve for kommuneplan i Fyresdal.	4
Ansvar for trafikktryggleik i Fyresdal.	4
Dagens situasjon.	5
Ulykkesdata, Fyresdal.	5
Antal ulykker/ skadde.	5
Trafikkulykke, type veg.	6
Oversiktskart over ulykker, stadar.	6
Lokale erfaringar.	7
Skiltplan.	7
Oversikt over vegane i Fyresdal.	7
Fylkesvegar.	7
Kommunale vegar.	7
Vegar utanfor tettstad.	8
Samleveg i tettstad.	8
Tilkomstvegar i bustadområde.	9
Skuleområde.	9
Barnehageområde.	9
Gang- og sykkelvegar.	10
Driftstiltak på vegar og gang- og sykkelvegar.	11
Haldningsskapande arbeid.	12
Tiltaksliste.	13

Bakgrunn for planarbeidet.

Plan for trafikktryggleik for Fyresdal er laga med utgangspunkt i mål og strategiar i Nasjonal transportplan (NTP) for 2018 – 2029.

- Bedre trafikksikkerhet på veg.
- Styrket framkommelighet for lokal kollektivtransport, syklende og gående.
- Styrke trafikktryggleiken for barn og unge.

NTP byggjer på ein visjon om at det ikkje skal førekome ulykker med døde eller hardt skadde i transportsektoren. For å nå denne visjonen er det fastsett mål for trafikktryggleiksarbeidet både på nasjonalt og kommunalt nivå.

Denne planen inneheld også ei tiltaksliste.

Kommunalt trafikktryggleiksarbeid.

Lokalt trafikktryggleiksarbeid i kommunane er avgjerande for å nå nasjonale og regionale mål om reduksjon i tal døde og hardt skadde.

Kommunane har eit stort ansvar for trafikktryggleiksarbeidet både som vegmynde, gjennom sitt ansvar for arealplanlegging, som skule- og barnehageeigar, som transportør, transportkjøpar og som arbeidsgjevar. I tillegg har kommunen gjennom folkehelselova ansvar for å fremje folket sin helse og bidra til førebygging av sjukdom og ulykker.

Barn og unge gjeng, sykklar og brukar kollektivtransport i større grad enn voksne.

Kommunens oppvekstetatt har ansvar for borna sine oppvekstvilkår. Kommunen må difor mellom anna leggje til rette for at born og unge får kunnskap og ferdigheiter slik at dei kan bevege seg trygt på kommunen sine areal i fritid og på skuleveg. Det er viktig at kommunen legg til rette for trygg tilkomst til barnehage, skule og fritidsaktiviteter. Barn og unge bør tenkast på i planlegging av infrastruktur.

Fyresdal kommune er ein godkjent Trafikktrygg kommune, frå Trygg Trafikk.

Trafikktryggleiksutval.

Fyresdal kommune skal ha eit trafikktryggleiksutval. Representantar i utvalet er:

- 1 frå rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
- 1 politiker utnemnd av kommunestyret.
- 1 frå kollektivtransporten.
- 1 som representerar born og unge i Fyresdal.
- 1 frå Plan og teknikk i Fyresdal kommune. (er også referent).
- 1 frå Politiet.

Fyresdal kommunestyre vedtek utvalet 4. kvart år i samband med rullering av planen.

Formål.

Formålet med planen er:

- Synleggjere trafikkbilete i Fyresdal kommune.
- Synleggjere kor og kva som forårsakar ulykker.
- Få ein plan som er i samsvar med trafikktryggleiksarbeidet i Telemark og som skal vere grunnlag for søknadar om trafikktryggleiksmidlar.
- Få ein plan som grunnlag for prioritering av kommunen sine egne midlar til trafikktryggleik.
- Vere grunnlag for drift, utvikling og utbetring av vegar.
- Plassere ansvaret for trafikktryggleik i Fyresdal.

Visjon og mål.

Visjon: Ingen døde eller hardt skadde i trafikkulykker i Fyresdal.

Hovudmålet med planen er å førebyggje trafikkulykker.

Delmål:

- Det skal vere trygt for fotgjengarar og syklistar å ferdast i Fyresdal.
- Fyresdal kommune skal saman med foreldre, lag og organisasjonar arbeide for haldningar som gjer at fleire bruker kroppen mellom heim og skule, fritidsaktivitetar og arbeid.
- Kunnskapen om trafikktryggleik hjå ungar, ungdom og vaksne skal betrast.

Tilhøve for kommuneplan i Fyresdal.

Kommuneplan for Fyresdal, samfunnsdel, er den overordna planen for Fyresdal. I planen er det fleire av punkta som omhandlar trafikktryggleik. Punkta under er henta frå planen og er førande for planarbeidet.

- Helse og omsorg med helsefremmande, førebyggjande arbeid og gode levekår for alle.
- Arbeide for å sikre gode kommunikasjons- og samferdselsårer i Vest-Telemark (Fyresdal for denne planen).

Ansvar for trafikktryggleik i Fyresdal.

Fyresdal kommunestyre har det overordna ansvaret for trafikktryggleik i Fyresdal. Fyresdal skal vere ein trafikksikker kommune. Dette fører til at:

- Arbeidet med trafikktryggleik er forankra hos rådmann og ordførar.
- Rådmann skal årleg rapportere til kommunestyret om trafikktryggleik, dette skal i praksis skje saman med rullering av tiltaksplanen (hausten).

- Trafikktryggleiksutvalet er utval med ansvar for trafikktryggleik.
- Kommunen har rutinar for avvikshandtering.
- Kommunen har reglar for reiser og transport i kommunal regi.
- Kommunen bør ha reglar for kjøp av transporttenester.
- Alle areal- og reguleringsplanar vurderast med tanke på trafikktryggleik
- Kommunen bør ha konkrete tiltak for å påvirke frivillige lag og organisasjoner til å integrere retningsliner for transport i eiga verksemd.
- Trafikk og trafikkulykker bør inngå i kommunen sitt folkehelsearbeid.
- Etatsleiarane har ovanfor rådmann rapporteringsansvar for tiltak innanfor eigen sektor
- Kommunen bør ha oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell i kommunen

Plan for trafikktryggleik skal rullerast kvart 4. år. Tiltaksplanen skal rullerast kvart år. Tiltaksplanen skal innehalde både fysiske og haldningsskapande tiltak.

Dagens situasjon.

Det er få trafikkulykker i Fyresdal. Det er registrera 16 ulykker på dei 10 seiste åra. Det har vore 16 personar innblanda, derav 4 hardt skadde/ drepne.

For å kunne gjere noko for å redusere tal ulykker, må en vite kva som skaper ulykker.

Trafikkbiletet er samansett og det vil variere frå år til år. Det er viktig å fylgje nøye med på utviklinga, samtidig som ein ser framover og tilpassar arbeidet med trafikktryggleik til endringar i samfunnet elles.


Ulykkestalet er stabilt, men det har vore nedgang i involvera personar i ulykkene.

Ulykkesdata, Fyresdal.


Ulykkesdata er henta frå Statens vegvesen. Kart og registreringar av trafikkulykker i Fyresdal i perioden 2011 -2020

Rregistreringan1e frå 2011 - 2020, syner desse hovudpunkta for Fyresdal:


Antal ulykker/ skadde.



Trafikkulykke, type veg.



Oversiktskart over ulykker, stadar.



Lokale erfaringar.

Erfaringar med "vanskelege" punkt med tanke på trafikktryggleik i Fyresdal. Erfaringar frå uttrykkingsetatar og offentlege transportaktørar.

For brannvesen kan det vere vanskeleg å kome fram på natta om vinteren. Dei må rykke ut, gjerne kl. 02.00 om natta, og då er ikkje vegane sandstrødde eller brøyta for sno.

Tilbakemelding frå Vy er at dei opplever trafikkbilde ved skule som oversiktleg og grei. Dei har større utfordring der dei slemper skuleelevar av bussen på heimreise, med at det er dårlege plassar for avstiging. Særleg med tanke på at elevane må krysse vegen.

Innspela som er komne til planarbeidet seier noko om kva folk meiner er utfordringane i trafikken i Fyresdal.

Skiltplan.

Det skal vere ein godkjent skiltplan for Fyresdal kommune, minimum for Fyresdal sentrum. Skiltplanen skal revideras og oppdateras ved endringar i trafikksituasjonen.

Oversikt over vegane i Fyresdal.

Jmf veglista til Vestfold og Telemark fylkeskommune. Det er også fleire mil med private skogsbilvegar i Fyresdal.

Fylkesvegar.

FV 355	Skreosen – Kilegrend
FV 3384	Verpe – Aust- Agder grensa
FV 3386	Løkedalen – Øvre Birtedalen
FV 3388	Hegglandsgrend- Libru
FV 3390	Øyane – Aslestad

Kommunale vegar.

KV 1004	Glomfossvegen
KV 1012	Skomdalsvegen
KV 1027	Gamleveg
KV 1051	Borggrendsvegen
KV 1107	Åslandsvegen
KV 1142	Foldsævegen
	Sitjevegen
	Øvrige kommunale vegar, byggefelt mm.

Vegar utanfor tettstad.

Fleire fylkesvegar og kommunale vegar er viktige for ferdsel mellom grendene og Fyresdal sentrum. Langs desse vegane er det fleire direkte tilkomst til bustad og gardsbruk. Desse vegane blir også bruka av trafikkantar til og frå hyttene i kommunen. Det er få stader med gang- og sykkelveg eller alternative ruter for fotgjengarar. Folk går eller sykklar i vegkanten.

Telemark fylkeskommune er eigar av fylkesvegane, og har driftsansvar for dei.

Fylkesvegane og dei kommunale vegane Borggrendsvegen, Åslandsvegen, Foldsævegen, Glomfossvegen og Skomdalsvegen er vegar i denne kategorien.

Private skogsbilvegar må ein også legge i denne kategorien.

Døme på tiltak for vegar utanfor tettstad:

- Fyresdal kommune må koordinere og samarbeide med Telemark fylkeskommune om tiltak på fylkesvegane.
- Rydde vegetasjon langs vegane for å betre sikta.
- I radius omlag 2,5 km frå skulen etablere gangveg eller gjere andre fysiske tiltak (utvide skulderbredda, utbetre farlege punkt, vurdere fartsreducerande tiltak).
- Tilpasse fartsgrensa.
- Fyresdal kommune bør samarbeide med foreldreutval (FAU) ved skulen for å kartleggje, merke og drifte alternative ruter som kan fungere som skuleveg.

Samleveg i tettstad.

Definisjonen på samleveg er vegar inn til større bustadfelt eller hovudvegar mot sentrum. Dette er vegar som er innanfor 2,5 km frå skule, slik at vegane er viktige skulevegar. Det er mykje internttrafikk på vegane. Det er ikkje ynskjeleg å blande biltrafikk med mjuke trafikkantar. Det er varierende grad av etablerte fortau.

Dette er vegane:

- Sitjevegen.
- Svalestogvegen
- Gamleveg.

Døme på tiltak for samleveg i tettstad.

- Fotgjengarar må sikrast fortau, gangveg eller andre snarvegar. Dersom dette ikkje er mogleg, må ein sikre og skilte alternative gangtrasear eller redusere farten.
- Tilpassa fartsgrense
- Fyresdal kommune skal årleg sjå til at alle gangfelt i kommunen, er skilta og merka på forsvarleg måte og i samsvar med forskrift/ skiltplan.

Tilkomstvegar i bustadområde.

Dette er interne tilkomstvegar i bustadfelt. Vegane er gjerne blindvegar og bustadhus har direkte tilkomst til vegen. Vegane har blandingstrafikk. Vegane skal vere trygge som gangveg og opphaldsareal.

Dette er vegane:

Øvrige kommunale vegar i bustadområde i Tøddebakkane/ sentrum, Moghusfeltet, Grunnvik og Huggrend.

Døme på tiltak for tilkomstvegar i bustadområde:

- Fartsgrense 30 km/t, jf skiltplan.
- I nye bustadfelt planlegge vegbreidde og kurvatur slik at farten blir låg.
- Vurdere fartsreducerande tiltak om fartsgrensa ikkje blir respektera.
- Sette opp skilt med born leikar etter søknad til sektor for plan og teknikk.

Skuleområde.

Trafikkbilde er nokså greitt ved skulen. Det er tilrettelagt for bussar med eigen av- og påstigingsområde. Område er organisera som rundkøyring, slik at ein slipp rygging i område. Ein må også i framtida tenke på trafikktryggleik her, i evt framtidige omleggingar i området. Det er god tilkomst frå gang/ sykkelvegar til skulen.

Døme på tiltak ved skuleområde:

- Det skal oppmodast og leggjast til rette for at born skal gå til og frå skulen.
- Det skal vere trygge gangvegar inn mot og i skuleområda.
- Bilbruken må, om mogleg, reduserast i skuleområda.
- Ein må sikre tilkomstvegar og parkeringsplassar for funksjonshemma ved skulen.
- Universell utforming er eit overordna prinsipp.
- Parkeringsareal til tilsette (kan vere utanom området).

Barnehageområde.

Barnehagen ligg i same område som helsehuset. Dette er ei utfordring med tanke på trafikken, då det er noko ulike trafikkbehov til desse institusjonane. Ein må sjå på desse områda som eit område og legge til rette med tanke på eit samla trafikkbilde.

I barnehageområde er det mykje biltrafikk som fylgje av levering om morgonen og henting om ettermiddagen. Føresette er ofte travle i desse tidene for å rekke jobb eller andre av- og

påstigingsområde er organisere som ei rundkøyning, men med noko liten kapasitet. I tillegg må det vere tilstrekkeleg plass for parkering for tilsette, utanfor område.

Det må også leggjast til rette for dei som går til og frå barnehagen og for barnehagane sine utflukter i nærområdet.

Her er det viktig med informasjon og haldningsskapande arbeid for føresette og tilsette.

Døme på tiltak ved barnehageområde:

- Det skal leggjast til rette for gangtrafikk inn til barnehagen.
- Parkeringsplassane må planleggast slik at dei vert oversiktlege.
- Tilsette sin parkering må vike i sentrale areal for å leggje til rette for trygg foreldrelevering/ henting.
- Ein må sikre tilkomstvegar og parkeringsplassar for funksjonshemma ved barnehagane
- Universell utforming er eit overordna prinsipp.

Gang- og sykkelvegar.

I plan for trafikktryggleik er det vektlagt at skulevegar skal prioriterast. Born og unge er utsette i trafikken, dei er uerfarne og sårbare som gåande og syklande.

Som hovudregel vil Fyresdal kommune at born og unge sjølv skal kunne gå eller sykle til og frå skulen og fritidsaktivitetar. Dette er viktig ut i frå eit folkehelseperspektiv, men også fordi skulevegen er ein viktig sosial arena. I Fyresdal er grensa for rett til skyss 4 km. For 1. klasse er grensa 2. km. Der skulevegen er definert som farleg får elevane skuleskyss.

Om ikkje skulevegen vert opplevd som trygg, vil foreldre velje å køyre borna til skulen. Separate gang- og sykkelvegar er det beste alternativet til skuleveg. I Fyresdal har vi gang- og sykkelveg frå Molandsmoen til sentrum/ skule, ein strekning på omlag 2 km. Samt gang- og sykkelveg frå X Prestegardsvegen/fv355.

Men ut i frå økonomi og fysiske tilhøve er dette ikkje mogleg å få til over alt. Då er nedsett fartsgrense, rydding og merking av snarvegar og andre fysiske tiltak eit alternativ. Farten må tilpassast slik at born og unge kan bruke vegen på lik line med andre på vegen.

I Fyresdal kommune er det mange som er avhengig av skuleskyss pga store avstandar eller pga trafikker veg. Desse er avhengig av trygge busshaldeplassar og vegen fram til desse.

Mange born deltek på aktivitetar på fritida.

Mange blir køyrd til og frå aktivitetane. Dette skaper stor trafikk rundt skule, fotballbane, samfunnshus og idrettshall. Dette skaper utrygge situasjonar for dei som går.

Også vaksne vert oppmoda om å gå eller sykle til jobben og daglege gjeremål. Mindre bilkøyring er viktig både i eit klima- , helse- og ulykkes perspektiv. Den tidsklemma som ofte er ei årsak til at vaksne nyttar bil kan ein ikkje direkte gjere noko med. Men ulike kampanjar og aksjonar kan bidra til betre haldningar og mogeleg endring.

Døme på aktuelle tiltak :

- Det skal leggjast til rette for at born og unge kan gå eller sykle til skulen og til fritidsaktivitet.
- Sikre at born som trengs skuleskyss skal kunne vente på buss/drosje på trygge haldeplassar, dvs haldeplass utanfor vegbanen og gjerne med lys.
- Sikre trygge gang- og sykkelveggar inn mot aktivitetsområde.
- Haldningsskapande arbeid og aksjonar for å redusere foreldre sin bilbruk ved skular og aktivitetsstader.
- Lærarar, trenarar eller andre førebilete bør oppmode born og unge om å gå/sykle mellom heim og aktivitet.

Driftstiltak på vegar og gang- og sykkelveggar.

I Fyresdal kan rekne at det er vinter om lag 6 månader i året og då er det viktig å ha gode rutinar for drift/ vedlikehald av vegane og gangvegane. Generelt er glatte og dårleg brøyta vegar eit trafikktryggleiksproblem. For Fyresdal sin del, må ein seie at det er godt vintervedlikehald på dei fleste vegar som blir trafikkera av born/ unge i ulike samanhengar.

Døme på generelle tiltak for drift/ vedlikehald av vegar og gang- og sykkelveggar:

- Sikre at brøytekanter ikkje vert så høge at dei hindrar sikt for dei som skal krysse vegen.
- Brøyte overgangen mellom gangveg og fotgjengarfelt.
- Halde siktliner i kryss reine for kratt.
- Rydde skog inn mot vegane for å betre sikten.
- Sandstrøing.
- Sikre autovern.
- Gatelys.
- Fartshumpar.
- Måle og skilte fotgjengarfelt.
- Måle og skilte parkeringsplassar.
- Feie vegar, gang- og sykkelveggar for laus grus.

Haldningsskapande arbeid.

Haldningsarbeid handlar om å påverke atferd og gi kunnskap om tiltak som er med på å redusere ulykker. Vaksne er viktige rollemodellar for born. Både føresette og vaksne som møter ungar elles har ansvar for å vise gode haldningar i trafikken.

Trygg Trafikk har både informasjon- og opplæringsmateriell retta mot ulike grupperingar i befolkninga. Dei held også kurs.

I det haldningsskapande arbeidet er **Trygg Trafikk** ein viktige støttespelar. Vidare må politietaten og Statens vegvesen vere synlege og gjennomføre kontrollar og skulebesøk.

Det er gjeve tilbakemeldingar om at ein bør prioritere haldningsskapande arbeid med tanke på promillekøyning med alle typer køyretøy.

Fyresdal har ei gruppe som heiter «**Vi har ingen fleir å miste**». Dei driv godt haldningsskapande arbeid blandt born og unge.

Døme på generelle tiltak i det haldningsskapande arbeidet:

- Gjennomføre kampanjar og aksjonar som kan medverke til kunnskap og gode haldningar.
- Systematisere trafikkopplæringa (trafikksikker skule og barnehage) slik at alle går gjennom den same opplæringa.
- Tydeleggjere foreldreansvar for trafikkopplæring gjennom infoskriv og foreldremøter.
- Informasjon om, og opplæring i sikring av born i bil.
- Systematisk opplæring og fokus på trafikktryggleik i lag og organisasjonar.
- Arbeidsplassen kan stimulere til «kameratkøyning» og bilfrie dagar.
- Informasjon på heimesidene til kommunen om gang- og sykkelveggar og snarveggar til skulen.
- Arrangere kurs for ungdom: båtførarbevis, skredkurs, fyrstehjelp (hjelp ein ven)

Tiltaksliste.

Tiltaksliste revidera 24.05.2022.

Punkt 1 :

Haldningsskapande arbeid på tvers av etatane der politi, barnehagen, Gimle skule og kommunen er med. Det har alt blitt utført mykje godt arbeid over fleire år, der politi, barnehagen og Gimle skule har samarbeida om opplæring av born og unge, slik at dei ferdast tryggast mogleg i trafikken. Det er viktig at vi prioriterar dette arbeidet og har fokus på til dømes trafikk med moped, traktor, snøscooter, bil og sikring av born i bil. Ein må "alltid" ha tankar omkring dette og fokusere på samarbeid mellom etatane.

Punkt 2:

Revidere skiltplan for Fyresdal sentrum. Dette må ein ha for å kunne håndheve skilting. Område som må prioriteras fyrst er ved helsehus, barnehage/ skule, samfunnshus og idrettshall.

Ansvar: Fyresdal kommune
(stipulera kostnad: kr. 80.000,-)

Punkt 3:

Ein må sjå på stopplass for av-/påstiging ved barnehage og helsehus.

Ansvar: Fyresdal kommune.

Punkt 4 :

Ynskje om forhøgna fotgjengarfelt og 40 km/t fartsgrense ved X FV355/ Meieribakken/ Prestegardsvegen. Same tiltak som i "bankkrysset". Det er endra trafikkmønster her etter forlenging av G/S veg frå banken. Meir gangtrafikk frå «hotellet».

Ansvar: Vestfold og Telemark fylkeskommune

Punkt 5:

Det er mykje av- og påstiging av bussar ved Molandsmoen industriområde. Det er også handel i området. Det bør vere busshaldeplass på begge sider av fv355 ved X til Molandsmoen.

Ansvar: Vestfold og Telemark fylkeskommune

Punkt 6:

Trafikktryggleikstiltak på FV355 ved Fyrismoen i Kilegrend. Ynskjeleg å legge om veg, vekk frå gardstunet. Fyrste tiltak å sete ned fartsgrensa til 40 km/t i området, samt fartsdumpar.

Ansvar: Vestfold og Telemark fylkeskommune

Punkt 7:

Trafikktilhøva ved Hegglandsgrend daglegvare. Her er sikten mot nord svært dårleg. Det er bare flaks at det ikkje har skjedd fleire ulykker her. Sikten nordover ville blitt svært mykje betre dersom ein kunne ta litt av den haugen som ligg nord for forretninga. For å få løyve til dette må ein gå om kulturminneavdelinga hjå Fylkesmannen.

Ansvar : Fyresdal kommune kontaktar kulturminneavdelinga hjå Fylkesmannen. Vestfold og Telemark fylkeskommune vurderar om det skal setjast opp eit fareskilt nord for avkøyringa, samt om det kan setast opp spegel frå utkøyring butikk.

Punkt 8:

Merking/ skilting for kryssande skuleborn i Hauggrend og på Veum. Fartsreducerande tiltak, sete ned fartsgrense til 40 km/t i område.

Ved kryssingsplassar av FV 355 for på-/ avstiging av skulebuss ved busstopp Foldsævegen i Hauggrend. Endre plassering av stopplass for buss ved Veum – kryss Fjelgardane.

Ansvar: Vestfold og Telemark fylkeskommune

Punkt 9:

Gamleveg frå Sentrum til Berglandskrysset :

Legge til rette for mjuke trafikantar.

- Vegljøs. (stipulera kostnad: kr. 1,3 MNOK for 1,8 km veg).

Ansvar : Fyresdal kommune

Punkt 10:

Kåsegrendvegen frå Århuskrysset og fram til avkøyringa ved Tøddestogene :

- Vegljøs. (stipulera kostnad: kr. 300.000,- for 400 meter veg).

Ansvar : Fyresdal kommune.

Punkt 11:

Vegljøs i vegane i Tøddebakkane byggefelt. Stipulera kostnad kr. 800.000,-

Ansvar: Fyresdal kommune

Punkt 12:

Fv355 Molandsmoen. Etablere kryssingsfelt for mjuke trafikantar, samt for hest.

Ansvar: Vestfold og Telemark fylkeskommune

Punkt 13:

Forlengje dagens 60 km/t sone langs fylkesveg 355 til nord for avkøyringa til Molandsmoen industriområde.

Ansvar : Vestfold og Telemark fylkeskommune

Punkt 14:

Fv 355. Etablere nedsett fartsgrense ved Berglandskrysset i sørbygda.
Ansvar: Vestfold og Telemark fylkeskommune

Punkt 15:

Ljospunkt ved busskuret i krysset til Kleivgrendsvegen langs fylkesveg 355.
(Statens vegvesen ynskjer ikkje å sete opp vegljøs som enkeltpunkt langs sine vegar.
Men dei er positive til å montere eit ljospunkt inne i sjølve busskuret. Dei skal vurdere om dette lar seg gjere). *Nye opplysningar sei at det er endra holdningar til enkeltpunkt.*
Ansvar : Vestfold og Telemark fylkeskommune

Punkt 16:

Generell rydding av siktsoner langs offentlege vegar og avkøyringar.
Ansvar : Vestfold og Telemark fylkeskommune (overført frå SVV) langs fylkesvegane.
Fyresdal kommune langs dei kommunale vegane.(stipulera kostnad: Avhengig av kor stor mengde som blir utført. Kr 40-60.000,- pr år.